

# Stord kyrkjeakademi

- eit forum for tru og tanke, kultur og samfunn

## Idédebatten ut av sofakroken

Under mottoet "Gjer døra høg og porten vid" vart Stord kyrkjeakademi stifta i 2010. Dette er ein møteplass der me fordomsfritt vil ta opp og drøfta spørsmål som ligg i grenseland mellom tru, tanke, kultur og samfunn, ein stad der kristne, agnostikarar, ateistar og folk frå andre religionar – kort sagt alle - kan finna det interessant og gjevande å møtast. I vedtektene for akademiet heiter det at me skal


- bidra til dialog mellom ulike grupper og menneske
- skapa møteplassar for fordjuping og meiningsbryting om evige spørsmål, så vel som tidsaktuelle utfordringar
- bidra til opne samtalar med rom for innsikt, engasjement og kritikk.

Stord kyrkjeakademi sine arrangement finn vanlegvis stad i Museumshallen, Sunnhordland museum, dersom ikkje anna er sagt.

Stord kyrkjeakademi er ein idealistisk organisasjon basert på friviljug arbeid. Arrangementa er opne for alle.

# STORD KYRKJEAKADEMI

eit forum for tru, tanke,  
kultur og samfunn



## PROGRAM HAUSTEN 2015

## *Styret i Stord kyrkjeakademi 2015*

*Leiar: Dag Eirik Eikeland*  
**Tlf. 480 71 478**

**E-post: dag.eirik.eikeland@sklbb.no**

*Nestleiar: Kirsti Angvik Frugård*

*Skriver: Kjellfrid Mæland*

*Kasserar: Solveig Nome*

*Styremedlem: Arnt Johan Vistnes*

*Varamedlem: Fred Ola Bjørnstad*

*Varamedlem: Ingvild Sjo*

## *Program hausten 2015*

**Torsdag 29. oktober kl. 19:00**

**«Den gode samtale – livssyn møter livssyn»**

Ein humanetikar og ein kristen klatrar ned frå barrikadane og samtalar og utfordrar kvarandre, i respekt for den andres ståstad.

Møtet er eit samarbeid mellom Human-Etisk Forbund i Sunnhordland, Valestrand kulturkyrkje og Stord kyrkjeakademi

Samtaleleiar: Arild Steinsland

**NB! Møtet er i Nysæter kyrkje**

**Sundag 22. november kl. 17:00**

**«Lat borna syngja!»**

□ Program med Thore Thomassen og lokale barnekor

**NB! Møtet er i Nysæter kyrkje**

□